
Fra: Flatøy Bygdelag <FlatoyBygdelag@outlook.com>
Sendt: torsdag 12. mars 2020 18:18
Til: Postmottak Alver
Kopi: staale.furnes@vegvesen.no; Ole Martin Bolset
Emne: Kollektivterminal Flatøy
Vedlegg: Vedlegg-4-KU-Trafkk-og-Parkering_fr_Flat_y_Bygdelag.pdf

Planen for Midtmarka sin påverknad på løysing for Kollektivterminal på Flatøy

I samband med uttale til Områdeplan for Midtmarka og Rotemyrane på Flatøy har Flatøy Bygdelag sett på trafikk-grunnlag på lokalveg.

Me vil gjere dykk merksam på at trafikktal for lokalveg til Midtmarka vil ha påverknad for både plan og løysing for omlegging av vegsystem med ny kollektivterminal, spesielt i høve til at det vert ein mykje høgare ÅDT enn planen for kollektivterminalen er basert på.

Me har vedlagt (i si heilheit) våre kommentarar til KU Trafikk for Midtmarka, då denne KU er relevant også for planer for kollektivterminal og Framo sin kommande plan.

Vegløysing til Midtmarka vil måtte koordinerast godt med plan for kollektivterminal i Krossneset og med planarbeidet som Framo AS har starta, som begge grip inn i lokalvegnettet på Flatøy.

Flatøy Bygdelag har til no ikkje registrert ei aktiv koordinering av desse planane. Me finn det naturleg at Alver kommune varetek si plikt og får på plass ei koordinering av desse planane som heng saman og delvis overlappar kvarandre på Flatøy. Me ber om ei tilbakemelding på korleis kommunen framover vil påsjå at aktørane i dei ulike planane koordinerar arbeidet sitt slik at løysingane dei vel passar saman og gjev best mogleg løysing i vegnettet for alle trafikantar.

Bygdelaget ønskjer, og saknar, eit aktivt samarbeid med kommunen på sakene som har "allmenn interesse" på Flatøy. I kva grad vil kommunen innhente kompetanse og synspunkt frå naboar og Flatøy Bygdelag?

Me lurar og på om ÅDT for lokalveg til Midtmarka bli teken med i vurderingane for gang og sykkelløysing i samband med godkjenning for byggeløyve for ny kollektivterminal?

Flatøy Bygdelag vil gjenta vårt krav om at det må vere totalt skilje mellom biltrafikk og mjuke trafikantar, heilt fram til Kollektivterminalen i Krossneset.

Mvh
frå Flatøy Bygdelag

Vibecke Skarstein Samuelsen
Leiar

Sent from [Outlook](#)